

Innleiing til Hebrearbrevet (Hebr) Arne Berge, Bryne kyrkje 17.10.2023

Innleiing

- Eit viktig nytestamentleg skrift. Gjennomarbeidd undervising om Jesus
- Forfattaren kallar det sjølv «ord til formaning og trøyst», Hebr 13,22
- Ikkje eigentleg eit brev, men heller ei skriftleg preike eller avhandling
- Overskrifta «Til hebrearane» er sekundær, frå før år 200

Kven skreiv Hebr?

- Vanleg synspunkt: Ein velutdanna jesustruande jøde, i eller med nær kontakt med Roma
- Er «andre generasjon» jesustruande. Hebr 2,3
- Plasseringa rett etter Paulusbrevet reflekterer tanken om at Paulus er forfattaren, men dette er uaktuelt (pga språk, komposisjon, teologi, manglende paulinske uttrykk, Hebr 2,3)
- Barnabas, Apollos, Lukas? (Om Apollos: Apg 18,24ff)
- Origenes, ca år 200: Gud åleine veit kven forfattaren av Hebr er!

Kven er Hebr skrive til?

- Vanleg synspunkt: Ei gruppe jesustruande jødar i Roma, éi av fleire huskyrkjer (Hebr 13,24)
- Forfattaren kjenner dei og vil sjå dei igjen (Hebr 13,19)
- God kjennskap til GT (den greske utgåva Septuaginta)
- Mottakarane si fortid: Dei er ei tid sidan dei kom til tru, og dei har opplevd vanskelege tider med forfølging (Hebr 10,32-34)
- Mottakarane si nåtid: Dei er likegyldige (Hebr 5,11 og 6,12). Dei er kanskje i ferd med å falla frå trua på Jesus (Hebr 2,1), men er framleis «på frelsevegen» (Hebr 6,9)

Når blei Hebr skrive?

- Mellom år 50 og 100
- Før år 96, då Første Klemensbrev blei skrive og dette brevet er truleg påverka av Hebr
- Før eller etter øydelegginga av tempelet i Jerusalem i år 70?
- Eit forsøk på meir nøyaktig tidfesting: Under keisar Domitian, år 81-96
- Eldste manuskript: Papyrus 46 frå ca år 200-225

Oversikt over innhaldet i Hebr (det er mange ulike inndelingar av skriftet)

- Kap 1-4 Jesus Kristus er større enn englane og større enn Moses (1,1-4,13)
- Kap 4-10 Jesus, den store øvstepresten (4,14-10,18)
- Kap 10-12 Fullfør løpet (10,19-12,29)
- Kap 13 Avslutning

Kva er siktemålet med Hebr?

- Hovudbodskap 1: å opphøgja Jesus som den største
- Hovudbodskap 2: å utfordra lesarane til å vera trufaste mot Jesus til tross for forfølging

Vanskeleg / problematisk teologisk innhald i Hebr

- Er det umogleg å venda om for andre gong? Hebr 6,4-6 og 10,26-31
- Desse tekstane blei reagert på allereie i oldkyrkja, og Hebr hadde derfor lenge ein usikker plass i NT-samlinga
- Luthers skepsis til Hebr pga dette
- Mogleg bakgrunnstankegang for forfattaren av Hebr: 4 Mos 15,30f om synd som leier til døden (i motsetnad til 15,22-29) / Jesu ord i Matt 12,31f / Samtida sin tankegang om forholdet mellom patron (rik gjevar) og klient (fattig mottakar) i romersk kultur
- Me bør tolka desse tekstane i lys av Jesu ord i Mark 10,27: «Kven kan då bli frelst?» Jesus såg på dei og sa: «For menneske er det umogleg, men ikkje for Gud. Alt er mogleg for Gud.»

Verknadshistorie/resepsjon

- Pilegrimsmotivet som metafor. Tru og vandring blir knytt saman, å vera undervegs mot eit mål, ein himmelsk by, eit himmelsk fedreland (Hebr 11,8-16) og ei evig kvile (4,9-11).
- John Bunyan: «En pilegrims vandring»
- Jesus har tre «embete»: prest, konge og profet. Formuleringsa går tilbake til oldkyrkja
- Forholdet mellom jødedom og kristendom, der kristendom blir rekna som noko nytt og betre. Ei slik lesing av Hebr kan dokumenterast tilbake til oldkyrkja, og har vore teologisk bakgrunn for forfølging av jødar
- Ankeret som symbol for håp (Hebr 6,19) i gravdekorasjonar og på smykke

Avslutning med nokre favorittsitat:

- Hebr 4,14-16 Jesus er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd
- Hebr 12,1-3 Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar
- Hebr 13,8 Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.